


ÅRSMELDING

2019

for Lom fjellstyre



LOM FJELLSTYRE



Føreord.

Årsmeldinga er ei samanfatning av den forvaltninga fjellstyret har utøvd, og ei oppsummering av noko av aktiviteten det har vore i fjellstyret siste året. Det er eit mål at årsmeldinga skal innehalde fakta-opplysningar som er allment interessante og relevante, og på den måten kunne ha ei viss historisk interesse.

Framsida: Svartdalstjønna i Høyfjellet. Ein av mange fine værdagar sommaren 2019. (Foto: Åsmund Galde)

INNHALD

1. FJELLSTYRET-ADMINISTRASJONEN	
Samansetjing og administrasjon, arbeidsmiljø og likestilling	side 4
Ytre miljø	side 5
Møte og synfaringar	side 5
Representasjon og kurs for tillitsvalde/adm.	side 6
2. OPPSYNSTENESTE	
Oppsynsteneste og tenestosal til SNO m.fl.	side 7
Rekruttering og samarbeid med skular	side 7
Kurs og fagsamlingar for tilsette	side 8
Rapportar – samarbeidet med SNO	side 8
3. DYRKING, SETER OG BEITEBRUK	
Setersaker	side 9
Tilleggsjord	side 9
Fellesdrifter og beitebruk	side 9
Tamreinbeite	side 10
4. ANNA AREALDISPONERING – VERNEOMRÅDE	
Fritidshytter	side 10
Turistanlegg	side 10
Verneområde i allmenningen	side 10
5. EIGNE HYTTTER OG ANLEGG	
Fjellstyrehyttene	side 11
Joflyvegen	side 13
6. VILTSTELL OG JAKT	
Småvilt	side 13
Villrein	side 15
Elg og hjort	side 15
Rådyr	side 16
Rovvilt	side 16
7. FISKE	
Fiskekortsalet	side 17
Utsetjing av settefisk	side 18
Anna kultiveringsarbeid	side 18
Anna om fiskestellet og informasjonsarbeid	side 18
8. ØKONOMI	side 18

1. FJELLSTYRET - ADMINISTRASJONEN.

Fjellstyresamansetjing og administrasjon.

Lom fjellstyre forvaltar bruksrettane etter fjellova i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenningar i Lom kommune. Det totale arealet er på ca. 1,2 mill. dekar og utgjer ca. 62 % av heile arealet i kommunen. Fjellstyret består av 5 medlemmer valde av kommunestyret, som også oppnemner leiar og nestleiar i styret. Valperioden fylgjer kommunevalet, og det vart skifte av medlemmar i fjellstyret frå november 2019. For perioden 2015-2019 fram til nytt styre vart vald etter kommunevalet hausten 2019, var det desse medlemmane:

medlemmar

Erik Frisvold (leiar)

Svanhild Lyngved (nestleiar)

Bjørnar Brustuen

Ellen Olasveen

Norvald Hellekveen

personlege varamedlemmar

Bjørn Ola Vaagaasarøygard

Sigrun Garmo

Magnhild Heidi Aabø

Egil Olav Nyrnes

Harald Onsum Berg

**Nytt fjellstyre
etter valet.**

Etter valet i 2019, fekk fjellstyret denne samansetjinga:

medlemmar

Erik Frisvold (leiar)

Svanhild Lyngved (nestleiar)

Oluf Kvålshagen

Frikk Kolden

Ellen Olasveen

personlege varamedlemmar

Bjørnar Brustuen

Hanne Synnøve Rusten

Kristin Lund

Jon Sjugard

Sigrun Garmo

Fjellstyreleiar:

Erik Frisvold

**Skifte av dagleg
leiar 1. juni:**

**Odd Repp/
Åsmund Galde**

Administrasjonen er lokalisert på Norsk Fjellsenter. I 2019 var det skifte av fjelloppsyn og dagleg leiar. Etter 34 år gjekk Odd av som pensjonist i mai. Åsmund Galde vart tilsett som nytt fjelloppsyn og dagleg leiar.



Bilde 1: For å heidre lang og tru teneste heldt fjellstyret festmiddag for Odd på Nordal turistsenter. Fjellstyret, tidlegare fjellstyreleiarar, tilsette og andre kollegaer takka for eit svært godt samarbeid gjennom mange år. Odd er svært kunnskapsrik, lokalkjend og glad i fjellet. Han har vore ei kjelde til kunnskap og inspirasjon for mange, og ein viktig bidragsytar inn i det sterke fagmiljøet på Norsk fjellsenter.

Gjennom året har desse vore tilsette:

-Odd Repp - fast tilsett som fjelloppsyn og dagleg leiar fram til 31. mai og tilsett på pensjonistvilkår i inntil 20% stilling ut året.

- Åsmund Galde – sesongoppsyn 1.5-31.5. Fast tilsett som fjelloppsyn og dagleg leiar frå 1. juni.
- Magny Hilde - fast tilsett i 30 % stilling som kontormedarbeidar.
- Lene Lund – mellombels tilsett som sesongoppsyn juli-oktober
- Eilev Hellekveen – mellombels tilsett som sesongoppsyn i juli.
- Jo Øien – mellombels tilsett som sesongoppsyn delar av august, september og oktober.

Åsmund var ute i pleiepermisjon for sjukt barn heilt eller delvis i perioden 12. august til 30. oktober. Administrasjonen og oppsynsverksemda hadde difor ei styrka bemanning dette året.

Arbeidsmiljø og likestilling.

Det er utarbeidd og vedteke HMS-rutinar med instruksar for dei tilsette, samt at det er laga risikoanalyser og handlingsplanar. Personal og HMS handbok er gjort tilgjengeleg gjennom sticos personal.

Det vart ikkje rapportert skader knytt til arbeidet i 2019.

Styret meiner arbeidsmiljøet i fjellstyret er bra. Personalpolitikken vert rekna for å vera kjønnsnøytral på alle område. Arbeidstid og løn er regulert gjennom sentrale og lokale avtaler. Norges fjellstyresamband forhandla på vegne av fjellstyret i den sentrale forhandlinga med Naturviterne om løn og arbeidsvilkår.

Ytre miljø.

Verksemda fører i liten grad til forureining av det ytre miljø. Verksemda driv kjeldesortering. Spesialavfall vart teke vare på og levert på miljøstasjonen i Lom.

Møte og synfaringar.

Det vart halde 6 fjellstyremøte og behandla 45 saker i 2019, nokre fleire enn i 2018. Fjellstyremøta har alle vore opne møte. Sakene fordelte seg slik på dei ymse saksområda (saker i 2018 i parantes):

<i>Jakt/vilt</i>	4 (3)	<i>Fiske/friluftsliv</i>	3 (0)
<i>Motorferdsel</i>	2 (3)	<i>Stønadsøknader</i>	5 (8)
<i>Grunndisponering</i>	3 (5)	<i>Seter/bruksr.saker</i>	12 (9)
<i>Adm./interne saker</i>	7 (6)	<i>Fritidshytter</i>	3 (3)
<i>Høyringssaker</i>	1 (2)	<i>Referatsaker</i>	5 (6)

6 styremøter

45 saker

Felles synfaring
med Statskog
og kommunen
24. juni

Fjellstyret hadde ei felles synfaring med kommunen og Statskog den 24. juni. Desse postane stod på programmet for synfaringa:

- Leirdalen felleseter for geit – Oppløysing av laget og vidare bruk av setra.
- Sperregjerde for beitedyr på Ytterdalen. Utfordringar knytt til flaum hausten 2018 og at elva har nytt far.

På hausten, den 23. september, hadde fjellstyret ei ny synfaring til den nye fjellstyrehytta Veslfjellbu ved Krossbu.



Bilde 2 : Synfaring på Geitsetra i Leirdalen og synfaring på Veslfjellbu

**Ope møte i
Utgard 11.
februar om NOU
2018:11-ny
fjellov**

I samband med høyring av forslag til ny fjellov, arrangerte fjellstyret saman med Finndalen fjellstyre og kommunen eit ope møte i Utgard den 11. februar. Kommunen og fjellstyra orienterte om sitt syn på forslaget til ny fjellov og sine framlegg til høyringsuttaler. Hanne Alstrup Velure, medlem i lovutvalget og leder i USS, orienterte om arbeidet i lovutvalget.

**Foredrag med
Jakob Skjedsvoll
28. februar**

Vidare arrangerte fjellstyret i samarbeid med Lom Heimbygdslag eit foredrag med Jakup Skjedsvoll om «Allmenningar.- opphav og utvikling» den 28. februar.

**Fagsamling på
Hell og felles
møte om NOU
2018:11- ny
fjellov 23.-25.
januar**

Representasjon og kurs for fjellstyremedlemene/administrasjonen.

Den årlege fagsamlinga for dei tilsette vart halde på Hell 23.-25. januar. I samband med høring av NOU 2018:11 – ny fjellov vart dei siste to dagane avsett til felles samling i saman med fjellstyremedlemmene. Denne samlinga erstatta regionsamlingane i 2019. På same møtet vart det gjennomført årsmøte i fjellstyrene i Oppland. Frå fjellstyret deltok Erik, Norvald, Svanhild, Bjørnar og Norvald. Frå administrasjon deltok Magny, Åsmund og Odd.

**Rådgjevande
utvalsmøte i
Jotunheimen NP
den 12.-13.
september**

Det årlege møtet for fagleg rådgjevande utval i Jotunheimen nasjonalpark vart halde på Hindsæter fjellhotell 12-13 september. Erik og Odd representerte Lom fjellstyre.

Bjørnar Brustuen har vore representant for grunneigar- og bruksrettsinteressene i Lom i det rådgjevande utvalet for Breheimen NP, med Ingvill Hanslien som varamedlem.

Fjellopsynet har representert fjellstyret både i Skaihø viltområde og Bøverdalen viltområde. I Bøverdalen v.o. har han også vore sekretær. Det var møte på vårparten i bae nemndene, der forslag til kvotar m.m. vart vedteke og sendt viltnemnda til godkjenning.

**Erik Frisvold
styremedlem i
AS Vågåfisk**

Erik Frisvold har vore fjellstyret sin representant som styremedlem i AS Vågåfisk. Han vart attvald for perioden 2016-2019.

Prosjektet «Forenkling av utmarksforvaltninga» vart avslutta i 2019. Odd har vore med i prosjektgruppa og delteke på møter i tilknytning til dette.

Avslutting av
prosjektet
«Forenkling av
utmarksforvaltninga»

Refusjon for
oppsyn på
kr.357.469

Tenestesalet til
SNO for
kr. 288.566

Snømåling på
Sognefjellet og
bremåling for
NVE

Jaktoppsyn
private felt

«Barske glæder»
7. mars

Sluttrapporten har allereie gjort seg gjeldande i forslag til ny lov om motorferdsel, der to av momenta prosjektgruppa framheva er vektlagt.

2. **OPPSYNSTENESTE.**

Oppsynsteneste, tenestesalet til SNO og anna utført feltarbeid.

Refusjonen for oppsyn i statsallmenningen over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett var på kr.357.469, ein liten auke frå 2018. Av feltarbeid vart det totalt utført 223 dagsverk. Dette utgjer 47 % av den totale arbeidsmengda til alle tilsette.

Tenestesalet til SNO var i 2019 totalt til ein verdi av kr. 288.566, ein nedgang på litt over 20.000 frå 2018. Desse tenestene omfatta oppsyn og skjøtselsoppgåver i Jotunheimen nasjonalpark og Breheimen nasjonalpark med tilliggande verneområde, oppsyn med motorferdsel og bestandsregistrering av jerv. Den sentralt avtala timeprisen for tenestene var kr. 621 + mva. Tenestene utført for SNO skjedde under leiing av SNO-ansvarleg i Jotunheimen, Rigmor Solem, SNO-ansvarleg i Breheimen, Øyvind Angard, og regionalt rovviltansvarleg Esben Bø. Hovudtyngda av tenestene for SNO skjedde naturleg nok i sommarmånadene juli og august, den tida trafikken og aktiviteten i verneområda var størst. I år var det brukarundersøking i Jotunheimen og ein del av tenestekjøpet var knytt til utplassering, ettersyn og tømning av besøksregistreringskasser.

Bilde 3: Utplassering av besøksregistreringskasse på Juvflya



Fjelloppsynet hadde tilsynet med og tok målingar att for NVE ved snøputa på Sognefjellet. Dette er eit arbeid oppsynet har hatt ansvaret for i 20 år. Den årlege deltakinga i bremålingane til NVE med snøskutertransport på våren vart noko redusert i år, grunna føre og tidsbruk vart noko av arbeidet utført med helikopter.

Oppsynet hadde under elg- og hjortejakta også oppsyn og kontrolloppgåver for Meadalen grunneigarlag, og for Vårdalen grunneigarlag/Vårdalen utmarkslag. Dette oppsynsarbeidet var av lite omfang, og omfatta vesentleg kontroll av nødvendige papir under jakta, og kontroll og veging av felt vilt.

Rekrutteringstiltak og samarbeid med skular.

Fjellstyret var delaktig i det årlege arrangementet "Barske glæder" på Norsk Fjellsenter den 7. mars, eit fellestiltak mellom Norsk fjellsenter, Statens naturoppsyn, og Lom fjellstyre. Femte klasse på alle skulane i Vågå, Skjåk og Lom var inviterte og deltok. Presthaugen var arenaen for tilstellinga der ungane er innom ulike postar knytt til natur og friluftliv. Fjellstyret har ansvaret for posten som omhandlar bygging av bål og bålbrekking.

**Familiefiskedag
7. Juli**

Den årlege familiefiske-dagen vart arrangert ved Dalsvatnet søndag den 7. juli. Det vart brukbar vêr, og over 80 deltakarar møtte fram. Mange gjekk naturstigen, og det var premiering til alle ungane. Fjellstyret spanderte kaffe, drikke, biteti og heldt bålpanna varm for dei som ynskja å grille. Familiefiskedagen held stand med jamt god deltaking. Eit alderspenn frå 1 til 80 år syner at dette har vorte ei årvis tilstelling som fengjar breidt.



Bilde 4: Familiefiskedag ved Dalsvatnet

ei

**Veodalstur med
7.klasse**

Den årlege turen til Veodalen med 7. klasse frå Lom vart i år som i fjor ein dagstur. Elevane var først på reinslakting på Grønhøa, etter det reiste dei til Veodalen. Der var dei med og sette ut settefisk og såg på fangstanlegget ved Grønbekken, før dei avslutta med grilling på plassen ved Grønbua. Opplegget for elevane i Veodalen stod Lene, Jo og Odd frå fjelloppsynet for, saman med Øyvind Angard frå SNO.

Kurs og fagsamlingar for tilsette.

Den årlege fagsamlinga og årsmøtet for fjelloppsynet var på Hell den 23.-24. januar.

Den 1. februar var det orienterings- og planleggingsmøte for feltmannskapet om bestandsregistreringa av jerv på Norsk fjellsenter, der regionansvarleg for rovvilt, Esben Bø, orienterte.

Rapportar – samarbeidet med SNO.

Samarbeidet med SNO fungerer godt. Oppsynsteneste og informasjonsarbeid i verneområda har vore utført etter planlegging og i samråd med SNO-ansvarlege i dei forskjellige verneområda. I samarbeid med sherpaer frå Nepal har det vore utført vedlikehald av tidlegare arbeid og noko ny tilrettelegging av stigar i Jotunheimen. Utplassering, ettersyn og tømning av besøksregistreringskasser utgjorde ein del tid. Noko skjøtsels-arbeid ved Turtagrø vart utført etter oppdrag og med midlar frå områdestyret. Bestandsregistreringa av jerv skjedde i samråd med, og under leiing av Esben Bø, regionansvarleg i SNO.



Bilde 5: Sherpaer i arbeid på stigen opp frå Memurubu

Det vart ført feltdagbøker over alt arbeid og registreringar ute. Rapportering til SNO og Statskog SF har skjedd slik det er pålagd.

To mistenkte for ulovleg fangst av Apollosommarfugl

Saman med politiet vart det planlagt og utført ein aksjon mot to personar mistenkt for ulovleg fangst av apollosommarfugl ved Gjendebu. Saka er framleis under etterforskning. Fleire fekk tilsnakk for parkering utanfor veg og for lause hundar, men ingen tilfelle vart meldt til politiet.

Frifall av seter i Foss

3. DYRKING, SETER OG BEITEBRUK.

Setersaker.

Fjellstyret gjorde vedtak om at setra til Sveinhaug, gnr 81, brn 3, i Foss i Leir- og Bøverdalen statsallmenning har fulle i det fri. Det var sett på som uaktuelt å lyse ut setra til andre og fjellstyret tilrådde, med unntak frå eit påbegynt hus, at Statskog SF gjev eigaren løyve til å ha husa ståande på eit avgiftsfritt feste knytt til garden.

Avgiftsfritt feste på Leirdalen felleseter for geit

Fellesetra for geit i Leirdalen fall i det fri etter at andelseigerane løyste opp laget. I samråd med landbrukskontoret vart det avklara at ingen av geitbrukerane i kommunen var interreserte i å overta setra. Etter felles synfaring med Statskog, kommunen og beitelaget i Leirdalen fann fjellstyret at setra var uegna til anna seterbruk enn mjølkeproduksjon frå geit, og at det var uaktuelt å lyse ut setra til andre. Fjellstyret tilrådde at Statskog SF gjev ein eller fleire av dei gamle medeigarane løyve til å ha huset ståande på eit avgiftsfritt feste slik seterforskrifta gjev høve til.

Klagebehandling og nytt vedtak om seter.

Etter klage og nye opplysningar i saka om frifall av setra til Nordistuen Lyngved, gnr. 15, bnr 3, oppheva fjellstyret tidlegare vedtak om at setra har falle i det fri.

Klagebehandling og endra tilråding om avgiftsfritt feste

På frifullen seter i Smørli, som hadde tilhøyrt Lyngheim, gnr. 15, bnr. 13, behandla fjellstyret ein søknad om løyve til å ha ståande eit seterhus det var gjeve rivingspåbod om i 2015. Fjellstyret opprettheldt fyrst tilråding om fjerning av hus, men etter klagebehandling tilrådde fjellstyret at Statskog SF gav eigaren av Lyngheim løyve til å la huset ståande på eit avgiftsfritt feste. Statskog SF opprettheldt sitt vedtak om riving.

Endra status frå seter til dyrkingsjord.

Hammerdalen gnr.7, bnr.9 mista retten til utvist seter med feste nr. 115 i Smørliia ettersom setra ikkje var teken i bruk. Arealet endra status frå seter til tilleggsjord, og blir lagt til tilleggsjorda til Hammerdalen med feste nr. 85.

Tilleggsjord.

Tilleggsjord i Høydalen

I Høydalen fekk Kvandalsvoll overta arealet frå setra til Torkveen som har fulle i det fri.

Tilleggsjord på Prestsetrane

På Prestsetrane fekk Vekkje overta arealet frå prestsetra som har fulle i det fri.

Utvising av 5,3daa beiteareal på Mytingen

Nigard Galde fekk utvist eit tilleggsareal for beite på 5,3daa i tilknytting til setra si på Mytingen.

122 dyr i fellesdrifta i Veodalen

Fellesdrifter og beitebruk.

I fellesdrifta i Veodalen var det med 122 dyr frå 10 husdyreigerar. Nokre færre enn året før. Det var tilsett to gjetarar som hadde ansvaret for tilsynet med storfedrifta. Fjellstyret løyvde kr.25.000 i driftstilskot til Veodalen beitelag.

140 dyr i fellesdrifta i Storådalen

Ein vinterflokk på 2432 dyr

Byggeverksemd på fleire turishytter

I Gjendeområdet var det, som tidlegare, Storådalen beitelag som organiserte og stod for fellesdrifta. Dei hadde to gjetarar på deltid. Det vart sleppt 140 dyr, nokre fleire enn året før. To dyr gjekk tapt, det eine vart ikkje attfunne. Fjellstyret løyvde kr. 25.000 i tilskot til fellesdrifta. Beitelaget deltek i skjøtselsarbeidet som forvaltninga har ansvaret for, og er ein viktig bidragstyster for dette arbeidet.

Tamreinbeite.

Lom tamreinlag brukar heile allmenningen på sørsida av Ottaelva med unntak av Visdalen s.a. som beiteområde. Laget hadde ein vinterflokk på 2.432 dyr. Beiteleiga frå tamreinlaget var på kr.475.454. Det var jamt gode beiteforhold for tamreinen, men den varme sommaren gjorde at det ikkje vart optimale forhold.



Bilde 6: Vinterslakting i Solell desember 2019.

Villrein frå Reinheimen-Breheimen trekte som vanleg inn i områda ved Høydalen og Netofjellet i april, og det vart observert bukkeflokkar på vårbeite både på Høydalssetrene og Netoseter. Den korridoren over mot Lundadalen som var freda for jakt, verka også dette året til at trekket av bukkar over mot fostringsflokkane starta noko tidlegare på hausten, medan det ennå var jakt.

4. ANNA AREALDISPONERING – VERNEOMRÅDE.

Fritidshytter.

Det vart ikkje utvist noko nytt feste til fritidshytte. Det vart gjeve løyve til innbygging av ein veranda på hytta til Ingvar Olstad ved Bøvertjønnen og løyve til tilbygg på hytta til Roar Telje ved Dalsvatnet. Det vart gjeve løyve til å fornye og endre eksisterande gjerde rundt hytta til Martin Madshus Sandbakken ved Tesse.

Turistanlegg.

På turiststadane var det fullført byggeverksemd på fleire av plassane. På Glitterheim vart nytt sjølvbetjeningskvarter ferdigstilt, på Juvasshytta vart oppføring av nytt service- og losjibygge ferdigstilt og på Leirvassbu vart det bygd nytt inngangsparti. På Memurubu vart det godkjent ein endringssøknad på tilbygg til nytt kraftanlegg i samband med tidlegare godkjente planar. Fjellstyret tilrådde at det ikkje vart gjeve løyve til tilbygg av lagerbygning i Memurubu før det vart gjort ei vurdering av behov og eventuell omdisponering av eksisterande bygningar.

Verneområda i allmenningen.

Tilrettelegging på stigar i Jotunheimen

For verneområda ligg det føre egne årsrapportar som omhandlar gjennomførte tiltak, utviklingstrekk og besøksstatistikk m.m.

Jotunheimen nasjonalpark.

Ordførar Bjarne Eiolf Holø var Lom kommune sin representant i Områdestyret for Jotunheimen nasjonalpark. Oppsynskorpset i nasjonalparken var det same som åra før, men med endringane som vart i Lom fjellstyre.

Det vart utført tilrettelegging på stigen frå Gjendebu til Svartdalen og stigen frå Memurubu til Besseggen. Skjøtselsarbeidet ved Gjendebu var av same omfang som det har vore dei siste åra. Elles vart det ikkje utført noko spesielt av skjøtselsarbeid innanfor nasjonalparken i vår statsalmenning.

"Besseggenløpet" frå Memurubu til Gjendesheim vart arrangert laurdag den 23. juni med 116 startande (100 i 2018). Dette var ein liten auke frå året før.

Breheimen nasjonalpark m/tilliggande verneområde.

I områdestyret for Breheimen nasjonalpark var varaordførar Anne-Lise Marstein Lom kommune sin representant.

Fjellopsynet deltok saman med SNO med utflyging av gamle plastrør og anna avfall frå Bordvassvegen. Elles vart det ikkje utført spesielle tiltak i Breheimen.

Opprydding i Breheimen

5. EIGNE HYTTER OG ANLEGG.


284 utleigedøgn

Fjellstyrehyttene.

Utleiga av hyttene gjekk opp frå 278 utleigedøgn i 2018 til 284 døgn i 2019, likevel ein del lågare enn 2017. Innanbygdsbuande utgjorde 13 % av leiga. Vêr- og føreforholda har truleg stor innverknad på utleiga, og spesielt mai var dårleg. For å sikre tilgang for innanbygdsbuande er noko fleire av dei mest brukte hyttene reserverte innanbygdsbuande i periodar, og dermed ikkje tilgjengelege på Inatur desse periodane. Utleiga blir då administrert direkte frå fjellstyrekontoret. Leigeinntektene for hyttene kom på kr 151.738.

Brutto leigeinntekt på kr.151.738


Diagram 1: Utviklinga i utleigedøgn på fjellstyrehyttene



7 utleiehytter

Det var 7 hytter til utleige. Gjendehytta, Heranosbua og Geitåbua var disponerte av beitelaga den tida det var beitedyr i områda. Med unntak av Geitåbua, Gjendebua og Veslfjellbua låg alle hyttene ute på salssidene til www.inatur.no, og det meste av utleiga skjedde over internettet. Det vart opna for sal av hyttene ved årsskiftet, etter at vi hadde sperra for leige i dei tidsromma vi reservert for innanbygdsbuande eller sjølvønskte og disponere hyttene. Diagram 2 syner korleis utleiga av dei ymse hyttene var gjennom året.

Diagram 2: Utleige av dei ymse hyttene gjennom året



Det vart ikkje utført noko større vedlikehaldsarbeid på nokon av hyttene. Vedlikehaldet avgrensa seg til golvlakking, utvendig beising og mindre reparasjonar/supplering av inventar. Jamleg tilsyn, husvask og forsyning med gass og ved, utgjorde ei ganske stor arbeidsmengde totalt over året. Det stod at noko arbeid på Veslfjellbu med opprydding, innreining og overflatebehandling. Ein del tid gjekk med til dette tidleg på sommaren.

Etter fleire års planlegging var det i år klart for oppføring av naust på Børjetjernet. Prosjektet er gjort i samarbeid med Lom Jeger- og Fiskarforeining og naustet skal være til allmenn bruk for fiskarar på Børjetjernet. Bygget er 23 kvadratmeter stort, enkelt, uisolert og oppført på eksisterande murar frå eit gammalt naust. Opphaldsrommet vil bli innreia for enkel overnatting med ovn og letpipe.

Naustet er finansiert av fjellstyret med støtte frå grunneigarfondet og Tessefondet, og det er søkt om tippemidlar til tiltaket. Lom Fjellstyre står som festar og eigar av naustet. Lom jeger og fiskarforeining har etter avtale rett til å disponere naustet i inntil 14 dagar sommar og haust.

Nytt naust på
Børjetjønn

Dagskvote på to
ryper uansett art

Jaktstart 15.
september

Regulerte periodar
for utanbygds

Lom JFF sto for arbeidet med riving av det gamle naustet, pakka rivningsavfall for helikoptertransport og klargjorde murane for nytt bygg. Stokk og Stein AS stod for prefabrikasjon og oppføring. Naustet vart frakta inn med helikopter frå Skjennarvollane 22. juli. Trass i ein periode med nysnø og dårleg vær, var naustet ferdig til 15. september.



Bilde 7: Helikopterfrakt av naust til Børjetjernet

Det står att noko arbeid med mur, innreining, beising og opprydding som må utførast i fyrste del av 2020.



Bilde 8: Stokk og Stein vart ferdige med bygningsarbeidet til 15. september

Joflyvegen.

Vegen klarte seg bra i vårløysinga og det vart berre utført enkelt vedlikehald.

6. VILTSTELL OG JAKT.

Småvilt.

Utsiktene for rypejakta dette året var noko blanda. Våren starta bra med mykje varme, men ei kuldeperiode med nysnø i starten av juni gav usikkerheit knytt til klekkinga. Observasjonar utover sommaren og takseringsresultat gav eit noko blanda bilete. Nokre områder var særst bra, andre dårlegare. Det vart sett ein dagskvote pr. jeger på to ryper, uansett rypeart.

Jakthausten var som vanleg prega av mykje vær. Dagar med snø som låg ned mot tregrensa, men og fleire fine dagar med gode forhold. Jaktstarten var som alltid, den 15. september, og det var avgrensa kortsal til jegerar utan hund i perioden 15. – 29.9. Denne perioden vart delt i tre periodar à fem dagar. For kvar periode vart det seld 50 kort. Frå den 30.9. var det fritt kortsal. For utanbygds jegerar med hund, var jaktordninga som tidlegare, med ein kvote på 40 kort dei to første vekene av jakta, og inndeling i to periodar. Søknadsfristen for jaktkort var den 1. april.

Trekking av utanbygds jaktkort på inatur

530 søkjarar

573 selde kort

**68 til innanbygds,
505 til utanbygds**

66 kort med hund

**Bruttoinntekt på
kr.273.800**

God harebestand

Som i fjor gjekk alle søknader på småviltjakt digitalt på nettstaden Inatur.no. Trekkinga skjedde også digitalt, og likeeins det meste av all korrespondansen med jegerane. Dette frigjer ein del arbeid knytt til administrasjonen av jaktkortsalet, men medfører også auka provisjon til salsleddet Inatur.no .

Det var totalt 530 utanbygds jegerar som søkte om småviltjakt i avgrensa periode i 2019, mot 673 personar året før. Om lag 60 % av desse var jegerar med hund.

Det vart totalt selt 573 jaktkort, ein auke på 69 kort frå 2018. Fordelinga mellom innanbygds og utanbygds var 68 kort til innanbygds og 505 kort til utanbygds jegerar. Fordelinga mellom jaktkorta for jakt med hund og jakt utan hund var 66 og 507. Over 90 % av det totale jaktkortsalen skjer nå over Inatur.

Bruttoinntekta av småviltkortsalet vart på kr. 273.800, ein auke frå fjoråret på 12,7%. Tabell 1 syner prisane for jaktkort som er uendra frå 2018.

Tabell 1: Jaktkortprisar på småvilt

<i>Korttype</i>	<i>Innanbygds u/hund</i>	<i>Innanbygds m/hund</i>	<i>Utanbygds u/hund</i>
<i>1-døgn, frå 30.09</i>	<i>100</i>	<i>150</i>	<i>200</i>
<i>5 døgn</i>	<i>400</i>	<i>500</i>	<i>800</i>
<i>Sesong</i>	<i>500</i>	<i>600</i>	<i>1000</i>

Utanbygdsbuande med hund, vekeskort, i perioden 15.-28.9, og harejegerar i perioden 11.10.-20.10: kr. 1000.Harejakt m/hund for utanbygdsbuande frå den 11.10. og ut sesongen (23.12. m/hund): kr.1000, og frå den 21.10. og ut sesongen kr.750. (Regulert periode 11. – 20.10.)

Utanbygds jegerar som vert tildelt jakt i den regulerte perioden, 15. – 29.9., kan løyse sesongkort til halv pris, altså eit tillegg på kr. 500 til prisen på 5 døgnskortet, dersom dei ynskjer å løyse sesongkort etter den regulerte perioden. Sesongkort for jakt med hund gjeld også for jakt utan hund i månadene januar og februar (innanbygdsbuande og utanbygds harejegerar).

Tabell 2 syner jaktstatistikken for jaktåret 2018/2019, da fangst-rapportane frå 2019/2020 ennå ikkje er innkomne.

Tabell 2: Fangststatistikk for rype 2018 (2017 i parantes).

Jegergruppe	Vilt/jeger	Dagar/jeger	Vilt/dag	Svar-%
Innanbygds utan hund	4,7 (8,2)	6,0 (8,8)	0,8 (0,9)	34 (17,6)
Innanbygds med hund	5,8 (3,7)	10,9 (10,7)	0,5 (0,3)	38 (10,0)
Utanbygds utan hund	2,2 (3,7)	2,3 (3,7)	1,0 (1,0)	59 (32,0)
Utanbygds med hund	2,9 (3,4)	2,9 (4,0)	1,0 (0,9)	54 (93,3)

Statistikken må vurderast kritisk. I 2018 var dagskvoten på tre ryper pr. jeger, medan kvoten i 2019 var på to ryper pr. jeger.

Av harejegerar med hund har vi dei same jegerane som kjem att år etter år. Rapportane og attendemeldingane frå dei var positive og vitna om ein god harebestand.

Villrein.

Kvote på 5 villrein

Fellingskvoten for villrein var dette året på fem dyr, ein nedgang på eit dyr frå i fjor. Det vart felt 3 dyr. Alle korta gjekk til innanbygdsbuande. Prisen på jaktkorta er uendra frå sist år: kr.750 for kalv, kr.1.650 for simle/bukk under 40 kg og kr.3.100 for fritt dyr. Vi følgde dei gjeldande prisane til Finndalen fjellstyre. Bruttoinntekt var i 2019 totalt på kr. 7900, nedgang på kr. 3100 frå 2018.

Villreinjakt 20.8-14.9

Jakttida var frå den 20. august til og med den 14. september. Det var forbod mot jakt om kvelden/natta etter kl. 19.00. Tysdag, onsdag og torsdag i dei to vekene midt i jakta, altså 6 dagar totalt, var det opne jaktgrenser på det sentrale nordområdet. Dette var ein auke av perioden med opne grenser med to dagar.

Vêret i starten av jakta var bra, med svak sørleg vindretning. Flokkane gjekk spredt over heile villreinområdet og det var bra med dyr i Finndalen fyrste veka. Utover i jakta trekte hovudmengda etterkvart lenger vestover og inn på Skjåk sitt område, men det heldt seg tidvis flokkar i grenseområda mot Liafjellet og Rååkåvatnet.

Fellingsprosenten i villreinområdet var på 72,4%

Fellingsprosenten for Reinheimen-Breheimen villreinområde vart på 72,4 % (74,8% i 2018) Fellingsprosenten på villreinkorta i Lom kommune var på 70,5%.

Elg- og hjort.

For dei jaktfelte i statsallmenningen som inngår i Bøverdalen viltområde, var det ein grunnkvote av elg på 10 dyr, og av hjort på 14, med høve til tilleggsdyr både av elg og hjort. På Vårdalen statsallmenning nord for Otta elv var det ei grunnkvote på 3 hjort. For jakta på Vårdalen/Smådalen var det ei grunnkvote på ein elg.

Opna for hjortejakt på Gjendefeltet

I statsallmenningen i Bøverdalen v.o er det fire felt og det vart i år lyst ut jakt etter hjort på feltet ved Gjende/Jotunheimen NP. Her har det ikkje vore opna for storviltjakt sidan 2003, då elgen vart freda. Lom stod for tur, men ingen innanbygdslag søkte. Lag frå Vågå fekk difor jakta. Dei andre felte i Bøverdalen v.o. er inne i siste året av to-års perioda, men grunna oppseing av kontrakta måtte jaktfeltet Ytterdalen/Høydalen lysast ut att.

Jaktfeltet Visdalen/Leirdalen var det jaktlaget til Johannes Smedsmo som hadde jakta for andre året. Kvoten var på 3 elgar og 5 hjortar. Heile kvoten med unntak av to hjort vart felt.

**Totalt på alle
jaktfelt vart det felt
13 elgar og 17
hjortar.**

**5 hjortar felt ved
jaktkortsalg**

**Brutto inntekt elg-
og hjortejakta
kr.223.796**

3 rådyr felt

**Nye prisar på
rådyrjakt**

Jaktfeltet Ytterdalen/Høydalen vart utlyst ledig for alle lag. Jaktlaget til Kari Ramen vart tildelt jakta. Grunnkvoten var på 3 elgar og 4 hjortar. Heile kvoten av elg og 2 hjortar vart felt.

På jaktfeltet Bøverdalen var det jaktlaget til Per Arne Vole som hadde jakta for andre året. Grunnkvoten var på 4 elgar og 5 hjortar. Heile kvoten vart felt, samt to tilleggdyr av elg.

Jaktfeltet i Vårdalen s.a. på nordsida av Otta-elva, som inngår i Skaihø viltområde, var det jaktlaget til Eirik Landheim som hadde jakta for andre året. Grunnkvoten var på tre hjortar, to vart felt.

Jaktfeltet Vårdalen/Smådalen var det jaktlaget til Kjell Ove Trondplassen som hadde jakta for andre året. Grunnkvoten var på ein vaksen okse av elg, som vart felt.

Etter at jaktperioden for lagsjakta var slutt, den 31. okt., og fram til jaktslutt for hjortejakta den 30. november, vart det ved sal av enkeltkort for jakt på hjort, felt 5 dyr. Totalt på alle statsallmenningsfelte vart det såleis felt 13 elgar og 17 hjortar. Av hjort er dette den største avskytinga som har vore nokon gong.

Fellesjaktavtala med Runningsgrenda grunneigarlag vart vidareført, og likeeins avtala om leige av den private grunnen i Leirdalen.

Det vart varsla om tre ettersøk etter påskyting av hjort, to av dei vart ikkje attfunne. Ettersøka vart rapportert og utført slik det skal gjerast. Elles var alle jaktlaga og enkeltjegerane flinke til å melde frå om felling til rett tid, og alle dyra vart kontrollert og vege av oppsynet.

Brutto inntekt frå elg- og hjortejakta vart på kr.223.796, ein auke på ca. 52.500 kr frå året før.

Rådyr.

Til bukkejakta av rådyr vart det avsett to kort i Leir- og Bøverdalen s.a., og ingen vart felt. Kvoten av rådyr var på 6 dyr, og 3 av dyra som stod att til ordinær jakt, vart det felt. I Vårdalen s.a. nord for Otta elv vart det ikkje seld noko kort for jakt på rådyr.

Fjellstyret vedtok nye prisar for rådyrjakt i 2019: *Bukkejakt frå den 10.8.: 5-døgns kort – kr. 1.000 pr. kort Ordinær jakt frå den 1.10.: 3-vekers periodar – kr. 500 pr. kort.*



Bilde 9: Elgokse på 277kg felt i Attvenda, Leiråsen. Tyngste elgoksen var 294kg, felt i Smådalen.

Rovvilt.

Det vart drive jervsporing og kartlegging av hilokalitetar over heile kommunen etter oppdrag frå, og i samarbeid med SNO, som tidlegare år. Det vart stadfesta yngling i grenseområdet mot statsallmenningen, same området som dei fire åra føreåt. Det vart ikkje meldt om store tap av beitedyr som kunne skuldast rovdyr, i nokon del av statsallmenningen.


Observasjonane av rovfugl var færre enn året før, men det var fleire observasjonar både av kongeørn og av fjellvåk.

7. FISKE.

Fiskekortsalet.

Bruttoinntektene med fiskekortsalet gjekk ned frå kr. 310.385 i 2018 til kr. 293.216 i 2019. Dette galdt dei samla inntektene både av egne fiskekort og inntektene frå Jotunheimen-kortet. Avtala om Jotunheimen-kortet med Luster Austre fjellstyre og Vågå fjellstyre vart ført vidare. Bruttoinntekta av dette salet kom på kr. 100.615, ein nedgang på om lag kr. 10.000 i høve til 2017. Lom fjellstyre har 60 % av desse inntektene, samt 5 % av brutto omsetning for å administrere ordninga.

Diagram 3: Bruttoinntekt pr. år av fiskekortsalet sidan 2010



Prisane på fiskekorta galdt dei som vart vedtekne i 2018.

Tabell 3: Gjeldande prisar på egne fiskekort i 2019.

Korttype	Stongkort	Stong-/oterkort. Faststående reiskap**
1-døgn	80/125*	100
3-døgn	160/230*	180
Veke	260/360*	350
Sesong	400/500*	500/650*

* Gjeld familiekort ** Gjeld berre innanbygdsbuande utanom Høyvatnet.

2350 settefisk på 8
vatn

Utsetting av settefisk.

Det vart totalt sett ut 2.350 settefisk dette året. All settefisken var kjøpt frå AS Vågåfisk i Randsverk.. Utsetting skjedde på 8 lokalitetar, slik det går fram av tabell 4. Det var ikkje vinterutsetting på noko vatn. Settefisken til Langvatnet vart som dei 8 åra føreåt, merka med klypt feittfinne. Oppsynet stod for utsetjinga av settefisken, med unntak av Langvatnet, der friluftsgruppa på Otta vgs. stod for beringa frå Leirvassbu og utsettinga i vatnet.

Tabell 4: Utsettingar av settefisk i 2019.

Vassdrag	Lokalitet	Stamme	
		Gjende	Lemonsjø
Veo	N.Steinbuvatnet	200	
	Veo elv	200	
Bøvra	Svarttjernet		150
	Nedre Halsatjernet		100
Sjoa	Langvatnet	800*	
Smådøla	Ilvetjernet		200
	Eilevsvatnet		400
	Vestre Børjotjernet		300
SUM		1200	1150

Utsettingar merka * er settefisk med klypt feittfinne.

Anna kultiveringsarbeid.

Det vart ikkje prøvofiska i noko vatn. På Sylvetjernet vart det fiska att med ørekyte-rusar, og det vart teke ut fleire hundretals av styggedomen.

Anna om fiskestellet.

Av båtane fjellstyret hadde til utleige, ved Grisletjernet, Høybrevatnet, Høyvatnet og Langvatnet, var det vesentleg båten på Langvatnet som vart nytta.

Det vart rydda kratt og småtre i vannkanten på Dalsvatnet og nedre Halsatjernet for å betre fiske, særleg med oter.

8. ØKONOMI.

Etter søknad vart det gjeve tilsagn om desse tilskota frå fjellkassa i 2019:

- Driftstilskot til Storådalen beitelag kr. 25.000
- Driftstilskot til Veodalen beitelag kr. 25.000
- Tilskot til flytting av bom, Høydalsvegen kr. 10.000
- Tilskot til vedlikehald. Veggen Nyrneshaugen Grøna kr. 10.000

Liten bruk av
utleigebåtar

- Tilskot til sperregjerde på Ytterdalen, beitelaget i Leirdalen kr. 20.000

TOTALT

Kr. 90 000

Om økonomien elles i fjellkassa, så vert det vist til rekneskapen.

Lom, 11. mars 2019

**Erik Frisvold
leiar**

**Svanhild Lyngved
nestleiar**

**Oluf R. Kvålshagen
styremedlem**

**Ellen Olasveen
styremedlem**

**Frikk Kolden
styremedlem**

**Åsmund Galde
dagleg leiar**